

200905051 - 76
201105946 -

KV/75
312

Torleiv Dengerud
Øvre-Ålsvegen 273
3570 ÅL

ÅI 09.05.19

NVE v/adm.dir Kjetil Lund
Postboks 5091, Majorstua
0368 OSLO

MJÅVATN KRAFTVERK

Mjåvatn kraftverk ligg i Ål Kommune og beregnet produksjon er ca 46 GWH. Det utnytter fallet mellom Stolsvassmagasinet og Rødungen nord som er regulerte magasin tilhøyrande E-Co. Det er seks grunneigarar som eig 84 % av fallet. Dei siste 16 % er det E-Co som har. Vi grunneigarar hadde avtale med Småkraft AS om utbygging av dette fallet. Avtalen vi hadde med Småkraft AS vart overtatt av Nordkraft i 2017. E-Co ynskjer også å bygge det ut. Det har vært ført fleire forhandlingar mellom oss og E-Co med tanke om å komme fram til ei felles løysing utan at det har lykkast. Hos NVE ligg det i dag to konsesjonssøknader på utbygging av dette fallet og vi etterlyser framdrift i saksbehandlinga. Nedenforstående tidsløype viser kva vi meiner med det.

- 2009: E-Co leverer meldingsdokument til NVE på Frosen kraftverk
- 2010: E-Co leverer nytt meldingsdokument til NVE på Hol 1 Stolsvatn. Erstattar melding om Frosen
- 2010: Småkraft AS leverer meldingsdokument til NVE på Mjåvatn kraftverk
- 2014: E-Co og Småkraft AS leverer kvar sin konsesjonssøknad på sine prosjekt og det arrangeras konsesjonsbefaring på begge prosjektene i september.
- 2017: E-Co trekker konsesjonssøknaden for Hol 1 Stolsvatn og lanserer ein konsesjonssøknad for Frosen kraftverk. Den kommer seinhausten 2017.

Det er fem år sidan vår samarbeidspartner leverte sin konsesjonssøknad og det er lite som har skjedd etter det. Når vi har vært i kontakt med NVE med spørsmål om framdrift er det varierande argument. Det har vært at vi må vente på at E-Co skal få tid til å komme med nye prosjekt. I 2010 var det Hol 1 Stolsvatn til ein utbyggingspris på 12,5 kr/kwh og i 2017 fikk E-Co tillatelse til å ta opp att planarbeidet om Frosen kraftverk, så då måtte vi vente på den søknaden. I den konsesjonssøknaden er berre halve produksjonsgrunnlaget foreslått brukt. Eit anna argument er at kraftverksplanane måtte sjås i samanheng med revidering av konsesjonsvilkårane frå 1948 i det sama vassdraget, men det siste argumentet frå saksbehandlar i NVE er at revideringssaken må tas først og det skal ikkje sjåast i samanheng. Det verker som saksbehandlar og E-Co er samkjørt i det meste når det gjeld framdrift.

Den lange saksbehandlingstida har gjort at dette kraftverket ikkje kan ta del i ordninga med grøne sertifikat.

Striden mellom E-Co og oss grunneigarar går på retten til å utnytte den vassmengda som på 1940-tallet vart overført til dette vassdraget frå Urundavassdraget. I 2012 behandla høgsterett ei sak frå Rana kommune der spørsmålet om retten til å utnytte overført vatn tilkjem eigaren av den grunn vatnet renn over, eller den som i si tid sorgja for den aktuelle overføringa. Høgsterett stadfestar det dei lågare rettsinnstansar hadde kome til. Retten til å utnytte det overførte vatnet inneheld fallrettseigaren på det aktuelle strekket og ikkje den som opprinnelag sorgja for overføringa.

Vi ser at dette kan være vanskelig for saksbehandlar då det er to parallelle søknader på dette vassdraget og det er berre ein som kan få konsesjon. Men vi forventar at NVE sjølv i vanskelige saker må kunne ta ein avgjørelse.

Dette handlar om fornybar kraft i ei tid då grøn kraft blir ei større etterspurd vare i Europa. Dette kraftverket ligg i eit allereie utbygd vassdrag og høyringsrundane viser at det ikkje er noko konflikt i forhold til samfunnet forøvrig.

Med helsing



Torleiv Dengerud

Jostein Kleiven (sign.)

Anne Kaslegard (sign.)

Birger Embrik Kaslegard (sign.)

Lars Inge Kaslegard (sign.)